

# Nettverk for samfunnsfaga i lærar-, lektor- og barnehagelærerutdanningane

November 2018

## Leiaren har ordet

I dette nummeret

- s. 1-2 Leiaren har ordet
- s. 2-3 Nettverksstyret
- s. 3 Ny barnehagelærerutdanning i Kristiansund?
- s. 4-8 Nettverkskonferansen 2018 i Drammen 28.-29. nov og sakspapir til årsmøtedelen
- s. 8-9 Karolina Nikielska-Sekura (USN), fullført PhD april 2018.
- s. 9- 14 Oversyn over masteroppgåver i dei samfunnsfaglege lærarutdanningane ved Universitetet i Tromsø og NTNU våren 2018
- s. 15 Fagtidsskriftet *Nordidactica* – open invitasjon til innsending for publiseringsvurdering
- s. 16 Call for papers – sesjon på NOFA 7, Stockholm – 13.-15. mai 2019.
- s. 17 Komande fagkonferansar

Roar Madsen, [roar.madsen@ntnu.no](mailto:roar.madsen@ntnu.no)

Det er kort tid før me samlast til nettverkskonferanse i Drammen (Universitetet i Sjøraust Noreg) 28. og 29. november, med stipendiatsamling den 27. november - dersom mange nok melder seg på.

Nettverkskonferansen har tre viktige funksjonar. Funksjonen som *fagleg møtepunkt* er opplagt sentral for fagområde som lenge har vore underorganisert og underforsa. Funksjonen som *sosialt møtepunkt* skal heller ikkje undervurderast. Den tredje funksjonen er den organisatoriske – for at nettverket skal kunne medverka til ein sterkare infrastruktur og fagoffentlegheit rundt faga våre i lærarutdanningane, treng me nettverkskonferansane, me treng eit arbeidande styre, og me treng nyhendebreva, nettsida og facebookgruppa. Eit levande fagoffentleg rom oppstår ikkje av seg sjølve.

Difor inneheld nettverkskonferansen ogso ein liten årsmøtedel der forsamlinga får sjansen til å uttala seg både om arbeidet som er gjort – og det som ligg framom oss. Dessutan inviterer styret årsmøtet til å vedta vedtekter som varsamt formaliserer det organisatoriske. Dette skjer *ikkje* for å skapa organisasjonsbyråkrati, men for å sikra tre hovudomsyn betre: 1) leggja betre til rette for kontinuitet – då er det t.d. uheldig at heile styret er på val samstundes. 2) Å invitera til deltaking og idedugnad og 3) Å gjera det mogeleg for nettverket å søkja om og motta ekstern økonomisk støtte – då trengst t.d. Brønnøysundregistrering og noko organisatorisk formalisering. De kan lesa styret sitt framlegg til dagsorden for årsmøtedelen, styreframlegget til vedtekter og styret si melding om arbeidet i perioden, på annan stad i nyhendebrevet.

Mange av oss er opptekne av dei nye utkasta til læreplanar. Nettverket kjem ikkje til å ta stilling til desse, men det bør De gjera som fagpersonar, forskargrupper, fagseksjonar eller institusjonar. Fyrste høyringsfrist er 14. november. Det som fylgjer her er difor mitt *personlege* oppspel til ordskiftet, og er korkje eit uttrykk for noko vedtak i nettverket eller eit framlegg til slikt vedtak.

---

**NB: STOFF-FRIST TIL  
NETTVERKSBREV NR 1  
2019 ER 20. JANUAR 2019**

Send til

[hakon.folkenborg@uit.no](mailto:hakon.folkenborg@uit.no)

---

***Personleg*** er eg overraska over kor omfattande endringar det vert lagt opp til. Utkasta er laga av læreplangrupper med stort sprik i både formell fagkompetanse og i reell fagleg baggasje. Hadde det vore tale om mindre endringar, og dersom det hadde pågått grunnleggjande diskusjonar med relativt brei semje om kursen vidare – kunne det sikkert gått greitt. Men slik er det *ikkje*. Eg har sjølv tidlegare oppmoda Udir om at dei difor denne burde vera meir nøye med fagleg tyngd i læreplangruppene for samfunnsfaga enn dei tidlegare har vore. Trongen for å akta på dette veks di større endringar som er påtenkt.

For å kommentera læreplanen for det skulefaget eg personleg fyrst og fremst forvaltar - samfunnsfag for grunnskulen: Eg har lenge meint at det er for breitt tilskore, at det har vore for hardt segmentert etter vitenskapsfagdefinerte skiljeliner, til skade for heilskap og samanheng i skulefaget - og at sterkare innslag av djupnlæring er ynskjeleg. Diverre har utdanningsstyresmaktene styrt læreplangruppa til relativt dramatiske kutt eller iallfall usynleggjering av store etablerte skulefagområde, og til å fjerna (i staden for å endra) hovudområda i tru på at kjerneelementa kan gje like god rettleiing for tolking. Det er det ikkje lett å tru på i ein situasjon der dette skulefaget har massivt sprik både i både formell kompetanse og i reell fagleg baggasje – og der alle veit at kva som er relevant innhald og beste val for progresjon kanskje er meir diskutabelt enn i dei fleste andre skulefag.

Endringane inneber at ogso hovudområdet *utforskaren* forsvinn, og den generelle skildringa av progresjon i dei grunnleggjande ferdigheitene er og borte. I sum gjer dette at eg diverre tvilar sterkt på at læreplanen kan verta anna enn eit vesentleg attendesteg.

Faktisk tvilar eg på om læreplanen kan vera i samsvar med dei kulturhistoriske føremåla i §1-1 i opplæringslova. Særleg gjeld dette når ein ser dette i samanheng med den kulturhistoriske fråkoplinga som er signalisert i andre skulefag som norsk, kunst og handverk, engelsk m.fl.

Dersom dette skulle vera i nærleiken av å vera rett, kan det vera på tide for skulepolitikarane å vakna opp og setja grenser for kraftig omdefinering av føremålet til opplæringa i skulen, utan at dette er eksplisitt heimla i lovending. Eg synst - kort sagt – *synd* på medlemene i læreplangruppa. Dei kan sikkert venta seg handklapp frå breie lærarkrinsar om det som er lett å einast om på overflata – trongen for å kutta noko i breidda. Men eg er temmeleg sikker på at legitimiteten i forskingsmiljøa vil vera *langt* meir omdiskutert. Og utsikter til djupare læring har eg vondt for å tru på når premisset er klårt skrinne kår for store delar av det relevante historie- og geografifaglege kunnskapsinnhaldet. I denne læreplanen – og eg har mistanke om at det ikkje berre gjeld denne – har samtida kolonisert både fortida og framtida. Og det hjelper lite med humanioramelding og signal frå NFR om aukande tildelingar til sokalla ufordringsdrive humanistisk forskning når humaniora og andre viktige fagområde skal marginaliserast i læreplanane på brei front – dvs i mange skulefag. Sosiologen Gudmund Hernes har tidlegare omtala denne marginaliseringa i Morgenbladet. De som kjem på nettverkskonferansen får sjansen til å høyra han i fri dressur om dette.

## Nettverksstyret 2017-2019

Det fyrste årsmøtet for nettverket (2017) slo fast at styret skulle ha representasjon frå regionar, definert som nord, midt, aust, sør og vest. Funksjonar/ansvarsområde i oversynet nedanfor gjeld til årsmøtet 2018 (på nettverkskonferansen). Nettsidene til nettverket har adressa: <http://www.samfunnsfag.net/>

Leiar: **Roar Madsen** er fyrsteamanuensis ved Institutt for Lærarutdanning, Noregs Teknisk-Naturvitskapelege Universitet (region midt). E-post: [roar.madsen@ntnu.no](mailto:roar.madsen@ntnu.no). Tlf.: 73412794 (arbeid).

Nestleiar: **Kari-Mette Walmann Hidle** er fyrsteamanuensis ved Institutt for sosiologi og sosial arbeid, Universitetet i Agder (region sør). E-post: [kari.m.hidle@uia.no](mailto:kari.m.hidle@uia.no). Tlf: 38142042

Ansvarleg for nyhendebevis: **Håkon Rune Folkenborg** er fyrstelektor ved Institutt for Pedagogikk og Lærarutdanning, Universitetet i Tromsø – Noregs Arktiske Universitet (region nord). E-post: [hakon.folkenborg@uit.no](mailto:hakon.folkenborg@uit.no). Tlf: 77660438 (arbeid).

Ansvarleg for nettside og for nettverkskonferansen 2018: **Heidi Biseth** er fyrsteamanuensis ved Institutt for kultur, religion og samfunnsfag, Høgskolen i Sørøst-Norge (region aust). E-post: [Heidi.Biseth@usn.no](mailto:Heidi.Biseth@usn.no). Tlf: 31008772 (arbeid).

Ansvarleg for medlemskap/organisasjon: **Erlend Eidsvik** er fyrsteamanuensis ved Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag, Høgskulen på Vestlandet (region vest). E-post: [Erlend.Eidsvik@hvl.no](mailto:Erlend.Eidsvik@hvl.no). Tlf: 55585790 (arbeid).

Tips om stoff til eller ferdigformulerte bidrag i komande nyhendebevis/på nettsida vår, er hjarteleg velkomne til Heidi Biseth (nettsida) eller Håkon Rune Folkenborg (nyhendebevis). Tips gjerne om stillingsutlysingar, bok- eller artikkelutgjevingar, disputasar, konferansar eller forskingsprosjekt de gjerne vil ha fleire samarbeidspartnarar til. Det er lov til å bruka nettverket til den typen «kontaktannonse»...

Synspunkt – risande eller rosande – eller framlegg til saker nettverket bør vera (meir) opptekne av, er sjølvstapt både hjarteleg velkomne, og ikkje minst heilt nødvendig, når nettverket etterkvart skal «finna seg sjølv» og si «form».

### NY BARNEHAGELÆRARUTDANNING I KRISTIANSUND?

Nordmørsavisa Tidens Krav (Kristiansund) har meldt at det kan koma i stand barnehagelærarutdanning i Kristiansund frå hausten 2019. Initiativet skal koma frå Nettverk Nordmøre, og har vorte retta mot Dronning Mauds Minne (DMMH) og Høgskolen i Molde. Dronning Mauds Minne ynskjer å tilby 40 studieplassar i eit desentralisert studietilbod frå august 2019. Statsbudsjettet for 2019 vil avgjera lagnaden til desse planane. Det kjem ny personalnorm for faglært arbeidskraft i barnehagane som vil auka etterspurnaden etter barnehagelærarar. Frå 1. august 2019 skal det vera minst ein barnehagelærar for kvart sjuande barn under tre år og ein barnehagelærar for kvart fjortande barn over tre år. Det vil auka etterspurnaden etter barnehagelærarar.

## INNKALLING OG SAKLISTE TIL ÅRSMØTE ONSDAG 28. NOVEMBER 16.30-18.00

**Stad:** USN-Drammen, auditorium A2503

Styret for nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i lærar-, lektor- og barnehagelærerutdanningane ynskjer alle registrerte medlemmer (e-postlista for mottak av nyhendebrev) velkomne til årsmøtet 2018.

### Framlegg (frå styret) til sakliste:

- 1) Konstituering av møtet
  - Godkjenning av innkalling og sakliste
  - Val av ordstyrar, møteskrivar (vedtaksreferat) og to til å skriva under møteboka.
- 2) Nye vedtekter for nettverket, presentasjon, diskusjon og vedtak. Sjå framlegg frå styret annan stad i dette nettverksbrevet.
- 3) Kort melding frå styret om arbeidet i året som gjekk m./høve til kommentarar frå salen. Sjå skriftleg melding frå styret annan stad i dette nettverksbrevet.
- 4) Vedtak om arbeidsplan for året som kjem. Sjå framlegg frå styret annan stad i dette nettverksbrevet. Evt alternative framlegg eller endringsframlegg må fremjast skriftleg.
- 5) Vedtak om medlemspengar.  
Framlegg frå styret: *Ikkje innføring av medlemspengar i 2018-2019.*
- 6) Val av/avgjerder om
  - a) **Valnemnd** – framlegg vert presentert av styret
  - b) **Ettersynsperson** – framlegg vert presentert av styret
  - c) **Styreval for årsmøtet 2019.** Styret innstiller på at
    - *Årsmøtet vel tre nye styremedlemmer med varafolk for to år i 2019 og to nye styremedlemmer med varafolk for eitt år i 2019. Dette for å fasa inn prinsippet om delvis utskifting av styre.*
    - *Årsmøtet 2018 avgjer kva regionar som skal ha toårsval/eittårsval i 2019 ved loddtrekking.*
  - d) **Stad for nettverkskonferansen og årsmøtet 2019.**
- 7) Evt. informasjonssaker/ymse

Styret vurderer det slik at dei fleste av sakene ikkje vil krevja mykje diskusjon, og at dei soleis let seg avvikla på kort tid. Det viktigaste unnataket frå dette er sak 2 om vedtekter. Styret ynskjer å sikra høve til meningsytring om alt som kan vera vesentleg for nettverket, men siktar mot å avvikla årsmøtet på ca. ein time dersom dette let seg gjera utan å koma på kant med omsynet til at medlemene skal få ytra seg om det som er viktig for dei.

## Nettverkets årlige konferanse finner sted 28. og 29. november

«Lærerutdanningene fram mot 2025:  
muligheter og utfordringer for samfunnsfagene»

### Universitetet i Sørøst-Norge (campus Drammen)



Det blir også en egen workshop for stipendiater 27. november fra kl. 13 dersom det blir nok påmeldte.

---

Nettverks-  
konferansen  
og årsmøtet for  
nettverket  
2018,  
Drammen 28.  
og 29.  
november  
2018 – Vel  
møtt!

---

*Mer informasjon om  
konferansen ligger  
lenket til på vår  
nettside. Fullstendig  
oversyn over  
konferanseprogrammet  
med alle sesjoner,  
finner du på  
[http://samfunnsfag.net/  
onebmedia/FERDIG  
%20program.pdf](http://samfunnsfag.net/onebmedia/FERDIG%20program.pdf)*

---

## ÅRSMØTESAK 2: FRAMLEGG TIL NYE VEDTEKTER FOR NASJONALT NETTVERK FOR SAMFUNNSFAGA I LÆRAR-, LEKTOR- OG BARNEHAGELÆRAR-UTDANNINGANE

### Del I: Føremål

§ 1: *Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i lærar-, lektor- og barnehagelærerutdanningane* (i kortform berre Nettverket for samfunnsfaga i lærarutdanningane) har til føremål å fremja, god forskning, undervisning og formidling innanfor dei ulike samfunnsfaga og i samfunnsfagdidaktikk i lærarutdanningane for barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. Det er ei særoppgåve for nettverket a) å fremja utvikling av ein velfungerande, kritisk og konstruktiv fagoffentlegheit i og for desse fagområda og b) å bidra til å sikra eller utvida den plassen våre samfunns- og humaniorafag har innanfor barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, og i høgare utdanning.

§ 2: Nettverket tek til vanleg ikkje stilling til fagpolitiske kontroversar eller til bestemte perspektiv, teoriar, synsmåtar eller forskingsmetodar. Nettverket skal derimot freista å leggja til rette for å utvikla diskusjonen om slike spørsmål i fagmiljøa.

§ 3: Praktiske føremål for arbeidet i nettverket er a) å styrkja informasjonsflyten mellom fagmiljøa ved å gje ut 3-4 årlege nyhendebrev, drifta nettsider og engasjement på sosiale media b) å organisera nettverkskonferanse for forskning og formidling kvart år, med medlemmer ved ein eller fleire institusjonar som praktisk ansvarlege og ansvarlege for fagleg innhald c) å organisera årsmøte for medlemmene i samband med nettverkskonferansen d) samarbeida med utdanningsstyresmakter, andre styresmakter, institusjonar, organisasjonar eller økonomiske støttespelarar i saker/om tiltak som fremjer føremåla i § 1.

### Del II: Medlemsskap

§ 4: Medlemsskap er ope for a) alle som arbeider med eit eller fleire samfunnsfag i lærarutdanningar for barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular b) alle som ynskjer å bidra med eller til relevant og god forskning, undervisning eller formidling innanfor samfunnsfaga eller samfunnsfagdidaktikken.

§ 5: Registrering som medlem skjer ved e-post til ansvarleg for medlemsskap i styret (sjå <http://samfunnsfag.net/kontakt.html>). Alle medlemmer står på oppdatert e-postliste, og mottok nyhendebrev og andre relevante utsendingar på denne lista.

### Del III: Årsmøte og val

§ 6: Årsmøtet arrangerast som del av nettverkskonferansen. Styret har ansvaret for innhaldet på denne delen av konferansen. Årsmøtet kunngjerast samstundes med nettverkskonferansen på nettsidene og i nyhendebrev.

§ 7: Alle medlemmer har møte-, tale-, framleggs-, og røysterett på årsmøtet.

§ 8: Årsmøtet inneheld a) kort melding frå styret om arbeidet i året som gjekk b) vedtak om komande nettverkskonferanse, om andre arbeidsoppgåver og eventuelt om rekneskap/økonomi og medlemspengar c) val av styre og leiar med varamedlemer etter framlegg frå valnemnd og val av valnemnd d) Årsmøtet skal gje medlemene høve til å kommentera og diskutera styrearbeidet og sakene som er oppe til førehaving.

§ 9: Saksliste til årsmøtet sendes til alle medlemmer i nettverket på e-post ein måned før årsmøtet.

§ 10: Årsmøtet vel ein ordstyrar, ein møteskrivar til vedtaksreferat, to til å skriva under møteboka og ein ettersynsperson som leverer tilråding om godkjenning av rekneskap og eventuelle merknader til rekneskapen. Årsmøtet kan og vedta at ein av institusjonane (etter avtale) tek på seg eventuell rekneskapsføring.

§ 11: Alle vedtak, med unntak for endring av vedtektene, gjerast med simpelt fleirtal. Vedtektsendring krev to tredels fleirtal. Årsmøtet kan likevel vedta full vedtektsrevisjon på eit årsmøte med simpelt fleirtal og vedta dei nye vedtekter med simpelt fleirtal på komande årsmøte.

§ 12: Styret skal ha fem medlemmer og fem varamedlemer, ein medlem og ein varamedlem frå kvar region.<sup>1</sup> Valnemnda skal syta for forsvarleg kjønnsbalanse. So langt det er mogeleg, bør styremedlem og varamedlem frå ein region koma frå ulike institusjonar.

§ 13: Alle styreval er for to år. Tre medlemmer er på val det eine året, to det neste året. Varafolka har same valperiode som den faste dei er vara for. Styret konstituerer seg sjølv.

§ 14: Valnemnda skal ha fem medlemmer, ein frå kvar region, og skal kunngjera tilrådinga si i siste nyhendebrev føre årsmøtet. Styret lagar framlegg til valnemnd.

#### **Del IV: Organisasjonsregistrering og prinsipp for økonomien**

§ 15: Nettverket skal vera registrert som foreining i Brønnøysundregistra og ha eigen bankkonto, der styrevedtak gjev fullmakt til å disponera denne.

§ 16: Nettverket er ei ideell foreining som ikkje genererer fortjeneste.

§ 17: Nettverket (årsmøtet) *kan* gjera vedtak om medlemspengeordningar og medlemspengesatsar for einskildpersonar og/eller for institusjonar gradert etter talet på tilsette.

§ 18: Styret søkjer om økonomisk støtte drifta av nettverket, herunder ogso til nettverkskonferansen (med unntak for støtte frå den eller dei lokale

---

<sup>1</sup> **Region nord:** Samisk Høgskole, Norges arktiske universitet - Universitetet i Tromsø og Nord Universitet. **Region midt:** NTNU og Dronning Mauds Minne Høgskolen. **Region vest:** Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og NLA Høgskolen Bergen. **Region sør:** Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder. **Region aust:** Universitetet i Sørøst-Norge, Universitetet i Oslo, OsloMet - Storbyuniversitetet, MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn, Høgskolen i Østfold, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Høgskolen i Innlandet og NLA Høgskolen Oslo.

arrangørinstitusjonane). Styret sender søknad om støtte til nettverkskonferansen i samarbeid med den/dei lokale arrangørane.

### **Del V: Oppløysing av foreininga**

§ 19: Nettverket som ei juridisk foreining kan berre bli vedtatt oppløyst på årsmøtet. Det krevst to tredels fleirtal blant dei som stemmer på årsmøtet for eit gyldig vedtak om oppløysing.

§ 20: Overskot eller inneståande middel ved opphøyr skal nyttast til konferanse som bidreg til føremåla som er gjort greie for i § 1.

### **Sakspapir/framlegg til årsmøtesakene 3 (melding frå styret om arbeidet) og 4 (arbeidsplan for 2018-2019).**

#### Årsmøtesak 3: Melding om arbeidet 2017-2018

##### **Diskutert og godkjend i styremøte 24. oktober 2018:**

Styret har konstituerte seg på fyrste styremøtet med Roar Madsen som leiar (konstituering fram til nettverkskonferansen 2018), Kari-Mette Walmann Hidle som nestleiar, Håkon Rune Folkenborg som ansvarleg for nettverksbrev, Heidi Biseth som ansvarleg for nettsider og konferanse 2018 og med Erlend Eidsvik som ansvarleg for medlemskap/e-postlister.

Styret har hatt møte over Skype, med unnatak for møte i samband med nettverkskonferansen. Konferansen i Trondheim i 2017 vedtok at det skulle vera ny nettverkskonferanse i regi av USN hausten 2018. Prioriterte arbeidsoppgåver for styret har vore å

- samarbeida med dei lokale arrangørane ved USN for å sikra årets konferanse
- få etablert nyhendebrev og utvikla dei til ein kanal for informasjonsdeling.
- få etablert nettsider med informasjon om nettverket, som arkiv for utgjevne nettverksbrev, med lenkjer til relevante konferansar og fagtidsskrift og som informasjonskanal.
- bidra til eksisterande Facebooksider
- etablera grunnleggjande organisatoriske rutinar og bidra til å fremja kontinuitet ved å laga utkast til vedtekter.

Arbeidet med å finansiera nettverket gjennom søknadstildelingar har kome kort, ogso fordi nettverket har mangla formalisert organisatorisk regelverk og vedtekne retningslinjer for økonomi. Dette er eit avgjerande moment for prioriteringa av å få utarbeidd nye vedtekter.

Styrearbeidet har vore merkt av god tone, fin samarbeidsvilje og evne til å ta i eit tak for nettverket.

---

Styret inviterer årsmøtet til å koma med sine merknader til denne årsmeldinga.

#### Årsmøtesak 4: Arbeidsplan for komande år

##### **Framlegg diskutert på og fremja av styret i møte 24. oktober 2018:**

I det komande arbeidsåret skal dette prioriterast:

- Organisatorisk og økonomisk institusjonalisering ved oppretting av bank-konto, vedtak om fullmakt til å disponera denne, registrering i

foreiningsregisteret (Brønnøysundregisteret) og eksterne søknader om finansiering, og om «timebidrag» til nettverket frå institusjonane styremedlemene er tilsette ved.

- Oppsummering av nettverkskonferansen 2018 og vidareutvikling av konferansen i 2019 i samarbeid med dei lokale arrangørane i XXXX
  - Gje ut minst fire nyhendebrev i løpet av arbeidsåret, og utvikla dette konseptet vidare, særleg med fleire presentasjonar og nyhendebidrag frå medlemmer ved institusjonane.
  - Oppmuntra til å bruka medlemslista til utsending av faglege samarbeids-invitasjonar av ulikt slag.
  - Utvikla nettsidene og Facebooksida vidare, og styrkja kunngjeringa av konferansar og spreinga av relevante stillingsutlysingar.
  - Styrkja kontakten med Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet.
- 

Styret inviterer årsmøtet til å vedta denne arbeidsplanen – eventuelt med fråtrekk, tillegg eller andre endringar.



**Karolina Nikielska-Sekula,**  
**PhD – Universitetet i Sørøst-**  
**Norge, disputerte 20. april**  
**2018.**

***Karolina Nikielska-Sekula*** analyses belonging, translocational positionality, and the cultural heritage of people of Turkish descent residing in Drammen in her doctoral dissertation entitled **LOCATING IN-BETWEENNESS: Belonging, Translocational Positionality, and the Cultural Heritage of Drammenian Turks**. In the context of their settlement in this mid-sized Norwegian city, she discusses the ways in which



Norwegian Turks use and create spaces and places in Drammen, influencing its landscape.

Her dissertation explores respondents expressions of belonging focusing Turkish-run facilities in Drammen on mezzo-levels of analysis as well as on individual conceptualisations of home. The findings suggest that the idea of home comprises both strong attachments to the social and physical spaces of Drammen, and an idealised longing to the ancestral homeland. In the latter, a feeling of home is absent. Nikielska-Sekula additionally explores the complex construction of the identity of Norwegian Turks. Employing a translocational positionality framework (see Anthias 2002, 2008, 2013), she discusses the everyday routines of respondents, uncovering their various identifications ranging from belonging to Turkishness and Islam to a strong identification with Norwegian society and the spaces of foreigners attached to it.

Lastly, Nikielska-Sekula investigates the engagement of Norwegian Turks with their cultural heritage on the micro, mezzo, and macro levels, which exemplifies the incorporation of elements of Norwegian heritage into Turkish traditions and how, conversely, participation in Norwegian heritage involves ethnic habits comprised of food and feasting patterns that are assumed Turkish. Nikielska-Sekula primary argument is that the complex positionality of Norwegian Turks is localised in Drammen and influenced by the local circumstances of the city and the organisation of Norwegian society in general. She ultimately questions, therefore, the common idea that minorities being stuck in-between cultures underlying the localised character of diasporic practices of people.

Karolina Nikielska-Sekula is a fellow in the PhD Program in Culture Studies. She has been employed by the Department of Culture, Religion, and Social Studies, USN Faculty of Humanities, Sports and Educational Sciences, and received additional funding from INTEGRIM-Marie Curie Actions in order to complete the fieldwork required for her project.

## FULLFØRTE MASTEROPPGÅVER VÅREN 2018

På dei komande sidene vil De finna listeoversyn over kandidatar og oppgåvetitlar på fullførte samfunnsfaglege masteroppgåver innanfor ulike lærarutdanningar ved **Universitetet i Tromsø** og **NTNU** våren 2018. Tanken er nettverket på eit eller anna vis bør sikte mot å gje fulldekkjande nasjonale oversyn over fullførte masteroppgåver – og sjølvstøtt doktorgradsavhandlingar. Dette må finna si form etterkvart. Slike oversyn krev det mykje arbeid å skaffa til vegar, så vona vår er at dette er av fellesinteresse og at våre folk på institusjonane har eigeninteresse av å vera synlege og difor tek initiativ til å melda inn til oss kvart år/semester. Som De ser har me skrive korte innleiingar før oversyna, slik at det er lett å skaffa seg oversyn over kva slags relevante masterutdanningar som finst ved desse to institusjonane.

Me har tru på at slike MA- og PhD-oversyn kan vera nyttige for oss, både med tanke på undervisning, rettleiing og forskning.

## Samfunnsfaglige masteroppgaver avlagt i lærerutdanningene våren 2018 ved Universitetet i Tromsø

UiT har tre ulike lærerutdanninger rettet henholdsvis mot 1.-7. trinn, 5.-10. trinn og 8.-13. trinn. Siden høsten 2010 ble også grunnskolelærerutdanningen 5-årig, og de første samfunnsfaglige masteroppgavene ble avlagt våren 2015. De to førstnevnte er knyttet til Institutt for lærer-utdanning og pedagogikk (ILP), mens den sistnevnte såkalte lektorutdanningen i hovedsak er knyttet til disiplinstituttene.

Hvilket samfunnsfaglig disiplinstitutt disse masteroppgavene er avlagte ved står i parentes. Det er først med den nye studieplanen for de femårige masterutdanningene fra 2017 at en også innenfor 1-7- utdanningen ved UiT kan skrive en samfunnsfaglig masteroppgave. Derfor er det foreløpig bare innenfor masterutdanningene 5-10 og 8-13 at det avlegges samfunnsfaglige masteroppgaver. Oppgavene kan søkes og finnes i fulltekst her: <https://munin.uit.no/>

### Avlagte samfunnsfaglige masteroppgaver innenfor grunnskolelærerutdanning 5-10 UiT våren 2018

Navn	Oppgavetittel
Jacobsen, Sondre	«Undervisning i lokalsamfunnet - ressurs eller byrde for lærer?»
Magee, Catherine Gyri	«Dialog - basis for medvirkning og å gjøre hverandre gode»
Stensland, Ulrik Sandnes	«Bruk av varierte læringsarenaer. En kvalitativ studie om funksjoner ved bruk av varierte læringsarenaer»
Strand, Heidi Jenssen og Strifeldt, Kristina	«Holdninger og verdier i samfunnsfaget. En kvalitativ undersøkelse av samfunnsfagslæreres forståelse av didaktisk arbeid av holdninger og verdier»
Ursin, Nikolai	«Rollespill som didaktisk metode i samfunnsfag - En studie om læring gjennom anvendelse av rollespill»

## Oversikt over avlagte samfunnsfaglige masteroppgaver innenfor 8-13-lærerutdanningen (lektorutdanning)

Navn	Oppgavetittel
Weigama, Lene Ingilæ (sosiologi)	«Demokratiopplæring i samfunnsfag. En kvalitativ studie om samfunnsfagslæreres erfaringer knyttet til aktivitet og deltakelse»
Thoresen, Birgitte Jørstad (sosiologi)	«Faktadominans i samfunnsfag. En studie av et forståelig begrep med ukjent betydning»
Arneberg, Kjersti Outzen (historie)	"Lederkvalifikasjoner i næringslivet fra 1945 - Endring i profesjonell ledelse"
Olsen, Preben Andre (historie)	"Dataspill i historieundervisning: Hvordan kan dataspill brukes i historieundervisning for å gjøre undervisningen lærerik og engasjerende?"
Håkonsen, Mats Andre (historie)	"Historie i og utenfor skolen: En studie av hvordan et utvalg videregående elever opplever historiefagets nytteverdi for eget liv og virke"
Løland, Mette Gilje (historie)	"Putins historiepolitikk og tvetydigheten i den. Hvordan ser Kreml-ledelsen i dag på Den russiske revolusjonen og sovjetperioden, og henger dette synet sammen rent logisk?"
Mathiassen-Hafstad, Fredrik (historie)	"Fangeleirene i Nordland under andre verdenskrig: En undersøkelse av dødstallene for de sovjetiske krigsfangene i leirene Tømmerneset, Elvkroken, Kalvik og Megården fra 1942 til 1945"
Flølo, Emilie Dyrstad (historie)	"Minnet om unionstida i Danmark og Noreg. Ein analyse av framstillingar av den dansk-norske unionen i danske og norske lærebøker og historieundervisning."

### MASTEROPPGÅVER FRÅ NTNU VÅREN 2018

NTNU har tre ulike lektormasterløp – lektormaster i historie, lektormaster i samfunnsfag (sosiologi og statsvitenskap) og lektormaster i geografi. Disiplininstututta (Institutt for historiske studie – IHS, Institutt for sosiologi og statsvitenskap – ISS og Institutt for Geografi – IG) forvaltar hovudansvaret for desse masterutdanningane, medan Institutt for Lærerutdanning (ILU) tilbyr fagdidaktikk (og pedagogikk og praksis) i desse studieprogramma.

I tillegg forvaltar Institutt for Lærerutdanning ein toårig påbyggingsmastergrad i fag- og yrkesfagdidaktikk og lærarprofesjon. Dette studieprogrammet har ein studieretning for samfunnsfag.

Innanfor studieprogramma grunnskulelærer-utdanning 1-7 og grunnskulelærerutdanning 5-10 – som bae ligg ved Institutt for Lærerutdanning (ILU), vil dei fyrste masteroppgåvene i samfunnsfag vera innleverte våren 2022.

Oversynet nedanfor skal vera eit fullstendig oversyn over lærar-utdanningsmasteroppgåver innanfor samfunnsfaga/historie frå NTNU vårsemesteret 2018.

**Masteroppgåver – lektormaster i historie**

For informasjon om studieprogrammet, sjå

<https://www.ntnu.no/studier/mlhist/om>

Namn	Oppgåvetittel
Aagaard, Silje	Identitet og historiebevissthet ved Museu d`Historia de Catalunya. En historiebruksanalyse.
Aune, Marius Krogstad	Enhetsakten – et vendepunkt for norsk EF-tilpassing? En kvalitativ og komparativ analyse av norsk europapolitikk.
Berg, Ingeborg	Claudianus sin rolle i synet på gotisk identitet.
Falch, Synne	To Avert the Evils Which Threaten. Den britiske okkupasjonen av St. Thomas og St. Croix i 1807.
Fuglevik, Peder Lippert	The greatest experiment ever made. The Supreme Economic Council and Raw Materials 1919-1920.
Grømer, Oda	Petroleum Wives Club. En studie av utenlandske oljekoners foreningsliv og tilpasning i Stavanger.
Jønland, Oda	Storbritannias politikk overfor Libya. Håndteringen av kuppet i 1969.
Steffens, Martin Bergene	Kollaborasjon, rettsoppgjør og krigsviktig bistand. En studie av utilbørighetsbegrepets utvikling i det økonomiske landssvikoppgjøret.
Sundal, Guro	Ugifte kvinners yrkesmuligheter. En studie av endring i husholdsposisjoner og yrkesmuligheter i Trondheim 1865-1900.
Swang, Ola Jørgen	En juridisk gråsoner? Saga Petroleums engasjement i Libya, 1994 – 1999.
Vikestrand, Andreas	Guds representanter. Hellige menn i østromersk politikk på 600-tallet.
Wendelborg, Heidi Brandt	"Kom over og hjelp os!" Bilder av afrikanere i norske misjonsblader, 1850-1950.
Ytterdahl, Johannes Mæhre	Kristi Krigere. "En studie av hellige menn og heroiske krigere i Armenia og Mesopotamia som opphav til militærhelgenen, ca. 500-630 e.Kr."

**Masteroppgåver – lektormaster i geografi**

For informasjon om dette studieprogrammet, sjå

<https://www.ntnu.no/studier/mlgeog>

Namn	Oppgåvetittel
Fjose, Ingrid Rosseland	Frå primitive samlarar til dyktige naturfolk. Ei analyse av førestillingar om dei andre i lærebøker.

Ramstad, Marit Ramsleie	Hjem til Vingelen. En kvalitativ studie av tilbakeflytteres opplevelse av fjellbygda Vingelen som bosted
Arnfinnsen, James Alexander	Kunsten å skape ekte læringssituasjoner. Erfaringer fra et aksjonsforskningsprosjekt i samfunnsfag på mellomtrinnet
Flovikholm, Kari	Vurdering av elevers kompetanse i geografifaget. En kvalitativ studie av geografilæreres vurderingspraksis.
Langenes, Petter	På vei mot universell helsedekning. En GIS-studie av helsetilbudet i Namibia.
Fossdal, Cathrine	Å leve i et bevaringsområde. En kvalitativ studie av beboeres opplevelser av Bakklandet i Trondheim som bosted.

### **Masteroppgåver – lektormaster i samfunnsfag (sosiologi og statsvitenskap)**

For informasjon om dette studieprogrammet, sjå <https://www.ntnu.no/studier/mlsam> .

Namn	Oppgåvetittel
Dilling, Elise Bjerke	Glad i vann. En studie av hva som kjennetegner en utøver med identitet som svømmer.
Halvorsen, Trine Lovise	«I Syria er det så mye jeg ikke kan bli fordi jeg ikke er venner med staten» - en kvalitativ studie av nyankomne minoritetselever og læreres refleksjoner knyttet til utdanningsaspirasjoner.
Østerhus, Rune	Does Democratisation depend on God's Will? A cross-national analysis of how religious actors participating in nonviolent and violent resistance campaigns impact democratization in the years following the campaigns in the timespan 1975-2013.
Moseng, Ingrid Skovdahl	Introduksjonsprogrammet som integreringsarena. En kvalitativ studie av deltakernes egne opplevelser av Trondheim kommunes introduksjonsprogram for nyankomne innvandrere.
Sverdrup, Kristine	Hvorfor ikke deliberativt demokrati? Et undersøkende felteksperiment på en trøndersk ungdomsskole med fokus på elevens samtaleetikk og tro på egen innflytelse.
Bergsland, Ragnhild Tangen	Opplæring i fengsel. En casestudie av opplæringens betydning for livet etter løslatelse.
Kjær, Eirik Hovland	Mellomlandskabler og fornybar energi. En casestudie for bakgrunnen for bygging av mellomlandskablene Norlink og North Sea Link, og hvilke konsekvenser dette har for fornybar energi i Norge.
Kjøsnes, Trine	Mitt liv, mine barn, mitt valg. En kvalitativ studie av innvandrerkvinnens opplevelse av – og begrunnelse for kontantstøttebruk.

Dyptveit, Hilde	«Takk for nå, og så ses vi kanskje aldri igjen». En kvalitativ studie av viakriatansatte i ungdomsskolens opplevelse av egen arbeidssituasjon,
Isaksen, Siri Sundet	Holdninger til jøder i Europa. En logistisk flernivåanalyse av surveydata fra 20 europeiske land.
Thorbjørnsen, Runar Strand	Frame analysis of politicians social media – refugee. crisis. <b>[NB: Feilrapportering i tittel?]</b>
Mehammer, Jørgen Rykkje	Solidarity or responsibility? Framing of the Migration Crisis in Norwegian Print Media.
Wikhammer, Marthe Kvisten	Å skuffe køl for å holde det brennende. En kvalitativ studie av avdelingslederens utfordringer og muligheter i ungdomsskolen.
Hestnes, Hanna	Tillit til media. En flernivåanalyse av individuelle og kontekstuelle faktorer som påvirker tillit til media i 47 land.
Friedrich, Mari Anna Brønseth	Media som aktører i populistisk politisk kommunikasjon. Hvordan forstår politiske journalister sin egen rolle i møte med populisme.

### Masteroppgåver – fag- og yrkesdidaktikk og lærerprofesjon – studieretning samfunnsfag

For informasjon om dette studieprogrammet, sjå

<https://www.ntnu.no/studier/mfagd>

Namn	Oppgåvetittel
Leknes, Eivind Berg	Wikipedias rolle i samfunnsfagundervisningens. En kartleggende studie av læreres holdninger til Wikipedia og nettleksikonets ideelle rolle i samfunnsfagundervisningen.
Due, Synne Nicolaisen	Hva står det egentlig på Wikipedia?
Bartholsen, Agnes Ellen	Mellom flere stoler. En studie av seksualitet som tema i grunnskolelærerutdanningas samfunnsfag.
Skarland, Fride Grøtte	En stille majoritet?
Bottolvs, Geir Runar	Menneskerettsundervisning i samfunnsfag. En empirisk undersøkelse av undervisningens innhold og formål.
Kirkbakk, Kristian	Ut i samfunnet for å komme inn i samfunnet.

## **NORDIDACTICA – JOURNAL OF HUMANITIES AND SOCIAL SCIENCE EDUCATION. OPEN INVITASJON TIL INNSEENDING TIL PUBLISERINGSVURDERING**

Av påtroppande vitenskapleg redaktør 2019-2020 - Roar Madsen, Institutt for Lærarutdanning NTNU. *Karlstads Universitet* har gjeve ut det vitenskaplege tidsskriftet *Nordidactica* sidan 2011. På nettsidene <https://www.kau.se/nordidactica> kan du lesa alle publiserte artiklar sidan starten i 2011. Fagfeltet tidsskriftet prøver å dekkja, er formulert slik:

*«Nordidactica - Journal of Humanities and Social Science Education är en nordisk ämnesdidaktisk tidskrift som ska vara en arena för forskning med relevans för högre utbildning, lärarutbildning och skola.»*

*«Ämnesdidaktiska studier av undervisning och lärande i geografi, historia, samhällskunskap, statsvetenskap och religionskunskap står särskilt i fokus, men tidskriften är också öppen för artiklar där breda teman som inkluderar frågor som rör dessa ämnen behandlas.»*

Ambisjonen er å gje ut fire nummer i året, der nokon vil vera temanummer, medan andre er «frie» nummer.

*Nordidactica* ligg for tida på nivå 1 i det norske teljekantsystemet. Du kan lesa meir detaljert skildring av det faglege interessefeltet for tidsskriftet, malar for bidrag, om prinsipp for fagfelle-vurderingane og om andre sider ved den redaksjonelle praksisen på nettsidene våre. Publisering i tidsskriftet er å rekna som internasjonal publisering. Publiseringsspråka er norsk, svensk og dansk, med samandrag på engelsk – men *Nordidactica* kan og publisera artiklar på engelsk. *Nordidactica* har eigarskap frå Karlstad, men ei rad svenske, danske, finske og norske høgare utdanningsinstitusjonar samarbeider om tidsskriftet

Institusjonar i Nordidactica-samarbeidet	
Sverige	Karlstads universitet (eigar), Göteborgs universitet, Stockholms universitet, Umeå universitet, Uppsala universitet
Danmark	Syddansk Universitet
Finland	Helsingi Yliopisto - Helsingfors universitet
Noreg	Universitetet i Agder, Universitetet i Bergen, Høgskolen i Innlandet, Noregs Teknisk-Naturvitenskaplege Universitet (NTNU)

I 2019 og 2020 vil dei to vitenskaplege redaktørane vera Camilla Stabel Jørgensen og Roar Madsen frå NTNU. På vegner av oss påtroppande redaktørar vil eg invitara alle i nettverket til å senda inn artiklar til vurdering for publisering. Konferansebidrag frå nettverkskonferansen i Drammen, frå NOFA 7 i Stockholm i 2019 eller frå andre relevante fagkonferansar i inn- og utland omarbeidd til artikkelformat, er velkomne til fagfelle-vurdering hos oss. Det same gjeld sjølvstøtt forskingsartiklar der innhaldet ikkje har vorte formidla på konferansar. E-post til dei vitenskaplege redaktørane: [roar.madsen@ntnu.no](mailto:roar.madsen@ntnu.no) og [camilla.jorgensen@ntnu.no](mailto:camilla.jorgensen@ntnu.no)

## Call for papers to a session/symposium “Comparative subject didactics” at NOFA 7, Stockholm, 13.-15. mai 2019.

Det SO-didaktiska forskningsfältet är i stor utsträckning ämnesuppdelat. Detta syns inte minst i tidskriften *Nordidactica: Journal of Humanities and Social Science Education*, där endast någon enstaka procent av artiklarna uttryckligen behandlar mer än ett enskilt ämne. Detta utgör en svaghet i fältet. *Nordidacticas* redaktionsråd vill därför uppmuntra till en förändring genom att anordna en särskild session/symposium vid NOFA 7 om ämneskomparation i ämnesdidaktikforskning. Vi välkomnar bidrag om ämneskomparation utifrån valfri didaktisk aspekt och på alla nivåer av skolsystemet. Ett temanummer planeras där bidragen i sessionen, efter sedvanlig refereerövning, kan publiceras.

### *Symposium abstract*

Research within the Nordic field of social science education is to a large extent framed within separate and single curriculum subjects like for example history, RE, geography or civics/social sciences. Studies that deliberately deal with two or more subjects are rare, and that is a weakness in the research field. With the goal of encouraging an expansion and development of the research field, the editorial board for *Nordidactica: Journal of Humanities and Social Science Education* arranges a symposium/paper session to encourage comparative aspects in subject didactics. This symposium will assemble papers dealing with comparisons between different subjects. The comparative approach can focus on any didactical aspects on any school level (primary, secondary or university). Papers are welcome in English or in Scandinavian languages and may, but do not have to, relate to the main theme for NOFA 7. A thematic issue of *Nordidactica* is planned where the papers in the symposium, after regular peer-review procedures, may be published. To be considered for publication at least one of the subjects included in the analysis should be within the scope of the journal. The symposium will be arranged as a paper session where the papers are circulated in advance, and commentator responsibilities will be distributed among the participants, with the aim of attaining productive and stimulating discussions.

If you wish to participate in this symposium, please submit an abstract (max 250 words and following the instructions on the NOFA 7 website) to [anna.larsson@umu.se](mailto:anna.larsson@umu.se) on November 12 the latest.





**FAGKONFERANSAR I 2019 (og 2020)**

<b>Konferanse, stad og tidspunkt</b>	<b>Nettstad</b>	<b>Om konferansen, sentrale fristar m.m.</b>
<b>Nasjonal fagkonferanse i statsvitenskap 2019, Trondheim (NTNU) 7.-9. januar 2019</b>	<a href="https://www.ntnu.no/iss/fagkonferanse-statsvitenskap-2019">https://www.ntnu.no/iss/fagkonferanse-statsvitenskap-2019</a>	Påmelding, innsending av abstract 28. nov 2018, paper 20. desember.
<b>26th EUROCLIO Annual Conference and Professional Development and Training Course, Gdansk</b>  <b>April 4, 2019 - April 7, 2019</b>	<a href="https://euroclio.eu/event/26th-euroclio-annual-conference-and-professional-development-and-training-course/">https://euroclio.eu/event/26th-euroclio-annual-conference-and-professional-development-and-training-course/</a>	Du kan lesa meir om organisasjonen Euroclio her: <a href="https://euroclio.eu/who-we-are/">https://euroclio.eu/who-we-are/</a>
<b>NOFA 7 [Nordisk konferanse om fagdidaktikk 7], Stockholms Universitet 13.-15. mai 2019</b>	<a href="https://www.su.se/hsd/english/research/conferences/nofa7-nordic-conference-on-teaching-and-learning-in-curriculum-subjects-1.388889">https://www.su.se/hsd/english/research/conferences/nofa7-nordic-conference-on-teaching-and-learning-in-curriculum-subjects-1.388889</a>	Fagdidaktikk i alle fag, ofte mange frå dei samfunnsfaglege områda. Abstractfrist 18. november 2018. Deltakarpåmelding opnar 16. februar 2019.
<b>Fifth Conference of the International Research Association for History and Social Sciences Education (IRAHSSE) in collaboration with the Historein Journal, Athen, 6.-8. juni 2019</b>	<a href="http://irahsse.org/wp-content/uploads/2017/09/Athens-2019-Call-Appel.pdf">http://irahsse.org/wp-content/uploads/2017/09/Athens-2019-Call-Appel.pdf</a>	Overordna tema: «Historical culture in and out of history education.» Frist for å melda inn bidrag, 20. desember 2018.
<b>Norske historiedager 2019, Tønsberg (USN) 14.-16. juni 2019</b>	<a href="https://www.usn.no/aktuelle/aktivitetskalender/norske-historiedager-2019-article218059-7373.html">https://www.usn.no/aktuelle/aktivitetskalender/norske-historiedager-2019-article218059-7373.html</a>	Frist for framlegg til sesjonar, frie føredrag m.m., 15. januar 2019.
<b>The 8th Nordic Geographers Meeting in Trondheim, Norway, June 16 – 19 2019</b>	<a href="https://www.ntnu.edu/geography/ngm-2019">https://www.ntnu.edu/geography/ngm-2019</a>	Frist for sesjonsframlegg gjekk ut i oktober 2018
<b>The 20th Nordic Sociological Association Conference, Oslo 5.-7. August 2020.</b>	Nærmare opplysningar om konferansen vil koma på: <a href="https://nordicsociologicalassociation.org/">https://nordicsociologicalassociation.org/</a>	Overordna tema: <b>The sociology of conflict: global transformations – local manifestations</b>